



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Godkjenning av vedtektsendringar

RUNDSKRIV:

8/2016

DATO:

13.05.2016

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Bankar

Kredittføretak

Finansieringsføretak

Forsikringsføretak

Pensjonsføretak

Holdingføretak i finanskonsern

Betalingsføretak

E-pengeføretak

Finansstiftelsar

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Finansforetaksloven som trådte i kraft 1. januar 2016 gir nye reglar om godkjenning av vedtektsendringar for finansføretak og finansstiftelsar. Rundskrivet omhandlar søknader om vedtektsendring etter finansforetaksloven. Rundskrivet erstattar rundskriv 8/2013.


Etter finansforetaksloven er det ei rekkje endringar som nå ikkje krev godkjenning av Finanstilsynet. Det er berre endringar som er oppgitt i forskrifta om godkjenning av vedtektsendringar i finansføretak og finansstiftelsar § 2 som skal sendast til Finanstilsynet for godkjenning.

Søknader om godkjenning av vedtektsendringar etter finansforetakslovens § 7-10, skal oppgi kva for regel i forskrifta om godkjenning av vedtektsendringar i finansføretak m.m. endringa er knytta til.

Ved søknad om endringar i vedtektene skal utskrift av generalforsamlingsprotokollen/ styreprotokollen der vedtektsendringa er behandla og vedteke leggast ved. Dersom det ikkje går klart fram av protokollen kva for paragrafar i vedtektene som blir endra og kva sjølve endringa består i, skal dette utdjupast i sjølve søknaden. Det må framgå både kva den gamle ordlyden var og kva som er den nye ordlyden.

For endringar i vedtektene som krev godkjenning av Finanstilsynet, skal godkjenninga frå Finanstilsynet liggje *før* føretaket registrerer nye godkjente vedtekter i Brønnøysundregistra.

Føretaka treng ikkje leggje ved fullt sett med gamle og nye vedtektseksemplar, sidan Finanstilsynet ikkje utstyrer vedtekter med godkjenningsstempel lenger.



FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO